

## Årsmelding 2014 Foreininga Veteranbåtlag Atløy

I 2014 var den nye organisasjonsforma foreininga Veteranbåtlaget Atløy. Interimstyret sat fram til nytt ordinert årsmøte, som var halde den 15.mai. Heile interimstyre, med unntak av Marion Richter Semlali var valt inn i det nye styret for foreininga Veteranbåtlaget Atløy. Ny i styret er Nils Jørgen Hansen.

Styret har etter årsmøte følgjande styresamansetning:

Leiar:	Rolf Grønnevik
Medlemmer:	Sander Ødelien Ludvig Sandvik Ludvig Grytten Nils Jørgen Hansen
Varamedlem:	Karl Johan Moldestad Leif Kvalvik

Sekretær for styret: Kystmuseet

Revisor: Deloitte & Touche


Valnemnd: Per Grov, Leif Kvalvik og Jan Ove Hjelmås

Interimstyret som sat fram til årsmøte hadde tre styremøter i 2014.

Viktige saker som vart var:

- Arbeidet med ny eigarform og endring av vedtekter i samband med ny eigarform.
- Restaureringsarbeid og dialog med Riksantikvaren i samband med den vanskelege økonomiske situasjonen. Avtale med Westcon Yard om å få utført restaureringsarbeid i Florø.
- Rekruttering av mannskap - der situasjonen har endra seg i positiv lei, med godt initiativ frå Atløys Vener.
- Avtale om driftssamarbeid mellom Veteranbåtlaget og Atløys Vener.

Det har ikkje vore utbetalt styregodtgjersle. Det har heller ikkje vore betalt godtgjersle til Kystmuseet for administrasjonskostnader.



Det nye styret har hatt to styremøter i 2014 og har handsama vidare saker frå interimstyret. I tillegg har det vore eit sentralt tema knytt til restaurering av skutetidene. Der det har vist seg at den originale tjukkleiken har vore tynnare enn dei målingane som skipskontrollen har utført. Dette har ført til at fleire plater enn før er innafor akseptert tjukkleiksnivå enn tidlegare antatt.

Konsekvenser for det fylkeskommunale vedtaket om ikkje å sette av midlar til verneverdige fartøy i fylket, har også vore tema i styret.

### Hovudtala i økonomien:

I årsresultatet for 2014 vart det eit regnskapsoverskot på kr. 694 922,00. I 2013 var det eit regnskapsoverskot på kr. 226 770. Veteranbåtlag Atløy har eit rentefritt lån på kr. 700 000 som ikkje er innfridd.

<b>Inntekter</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
Leigeoppdrag	742 998,00	740 531,00
<b>Utgifter</b>		
Sum driftskostnader	564 379,00	664 578,00
<b>Lånesaldo</b>		
Atløys Venner (rentefritt lån)	700 000,00	700 000,00
<b>Gåver/ tilskot</b>		
Fylkeskommunen	0,00	150 000,00
Riksantikvaren	500 000,00	0,00
Fjordsteam	10 000,00	

### Likestilling

Styret til Veteranbåtlaget Atløy har fem menn i styret.

### Drift


Foreininga Veteranbåtlaget Atløy meiner det er grunnlag for framtidig drift av båten.

### Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet vert rekna som godt om bord på Atløy.

Det vert ikkje produsert utslepp eller anna som gjev miljøskader, og er ikkje regulert av konsesjonar eller miljømessige restenksjonar.

### Aktivitet



Foreininga har ingen fast tilsette. Atløys Venner har lagt ned omlag 16 000 dugnadstimar i 2014.

Arbeid med stålplatene i skroget er ikkje ferdigstil, men det er tett dialog med skipskontrollen i forhold til å få godkjent fartssertifikat, parallelt med at restaureringsarbeidet på båten blir utført. Restaureringsarbeidet vart ikkje utført i 2014, grunna økonomi og kapasitet på verftet. Arbeidet med å ha båten i drift samtidig som det blir utført store restaureringsarbeid, er i seg sjølv ei stor utfordring i høve drift og ved ei auking av dei totale restaureringskostnader pga større tidsbruk.


Som resultatet viser har det vore god aktivitet på leigeverksemda i 2014.

«Fjordferda» til Sogn med sal av fisk og grønnsaker vart gjennomført i 2014.

Atløy fekk utbetalt tilskotet på kr. 500 000 som var gitt i 2013, frå Riksantikvaren. Båten fekk ikkje tilskot frå fylkeskommunen i 2014. På slutten av året opplyste fylkeskommunen si kulturavdeling om at det ikkje vart høve til å søke tilskot til fartøyvern for 2015.

Viser elles til eiga årsmelding for venneforeininga når det gjeld drift.

  
Rolf Grønnevik

  
Ludvik Grytten

  
Ludvig Sandvik

  
Nils Jørgen Hansen

  
Sander Ødelien


## VETERANBÅTLAG ATLØY

### Balanse

Noter	<b>EIENDELER</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
	<b>Anleggsmidler</b>		
1	Skip	221 668	221 668
1	Motorer	59 000	59 000
1	Redningsutstyr		-
	Andeler Bakkejekta	9 000	9 000
	Andeler Visit Fjordkysten	10 000	10 000
	<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>299 668</b>	<b>299 668</b>
	<b>Omløpsmidler</b>		
	Andre kortsiktige fordringer	12 334	8 349
	Kortsiktige fordringer	20 598	19 630
	Kontanter, bank m.v.	1 083 011	458 213
	<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>1 115 943</b>	<b>486 192</b>
	<b>SUM EIENDELER</b>	<b>1 415 612</b>	<b>785 861</b>
Noter	<b>GJELD OG EGENKAPITAL</b>		
3	<b>Egenkapital, bunden</b>	354 000	354 000
3	Ubrukte midler	364 929	-
3	Annen egenkapital	-54 685	-384 678
	<b>Sum egenkapital</b>	<b>664 244</b>	<b>-30 678</b>
	<b>Kortsiktig gjeld</b>		
	Leverandørgjeld	51 368	116 539
5	Lån Atløys Venner	700 000	700 000
	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>751 368</b>	<b>816 539</b>
	<b>SUM GJELD OG EGENKAPITAL</b>	<b>1 415 612</b>	<b>785 861</b>

Florø, den 12.05 2015

Styret i Veteranbåtlag Atløy

  
 Ludo Grytten  
 L. Sandvik

